

HELSE FØRDE HF  
Postboks 1000  
6807 FØRDE

**Dykkar ref.:**      **Vår ref.:**      **Sakshandsamar:**      **Dato:**  
2022/872 - 8573/2022      Bjørn Munthe      29.09.2022

### **Oppmoding til innspel til revidering av plan for internrevisjon i Helse Vest (2023-2024)**

Det er fast prosedyre at styret i Helse Vest RHF vedtar plan for den regionale internrevisjonen etter innstilling frå revisjonsutvalet. Saksbehandlinga ligg til internrevisjonen, og det skal vere ein prosess der vi hentar inn innspel frå føretaka.

I tråd med tidlegare praksis og den gode erfaringa med den, vil vi òg dette året invitere føretaksstyra og det regionale brukarutvalet til å kome med innspel til regional plan for internrevisjon (2023-2024).

Vi ber om at tema og korte grunngjevingar kjem oss i hende seinast 15. november 2022.

Gjeldande plan (2022-2023) vil ein finne på <https://helse-vest.no/omoss/internrevisjon#planar-for-internrevisjon>. Prosjekta som er tatt med i den er som følgjer (med status angitt i parentes):

- Uønskt variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern for barn og unge (pågående - planlagt ferdigstilt 1. kvartal 2023)
- Brukarmedverknad i føretaka (under oppstart – planlagt ferdigstilt 2. kvartal 2023)
- Bruk av avtalespesialistar
- Tryggare legemiddelbehandling med utgangspunkt i registrerte alvorlege feil og hendingar
- Implementering av arbeidsprosessar ved innføring av IKT-verktøy
- Administrasjon av pasientar på venteliste
- Koordinering av luftambulanshelikoptertenesta og flight following av ambulanshelikopteroppdrag i Helse Vest

Dette betyr at vår oppmoding primært rettar seg mot å supplere dei prosjekta som ikkje er pågåande eller under oppstart, eventuelt at nye prosjekt kjem til erstatning for nokre av dei.

Vennleg helsing  
Internrevisjon

Bjørn Munthe  
Leiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

**Mottakere**

HELSE BERGEN HF

HELSE VEST IKT AS

SJUKEHUSAPOTEKA VEST ADMINISTRASJON

HELSE VEST RHF

Regionalt brukarutval Helse Vest RHF

HELSE FØRDE HF

HELSE FONNA HF

HELSE STAVANGER HF